



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
17.02.2020	16553/2020	Monica Kjøl Tornes / Ingvild Haanes Marton

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	10.03.2020

Samarbeidsavtale mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og UKM Norge

Bakgrunn

UKM – Ung kultur møtes, er eit offentleg kulturtiltak for ungdom mellom 13-20 år og føregår over heile landet. Tiltaket får støtte frå statsbudsjettet. UKM Norge har eit overordna ansvar for aktiviteten i UKM i heile landet.

UKM sitt samfunnsoppdrag er å «stimulere og synliggjøre ungdommens kulturelle aktivitet lokalt, regionalt og nasjonalt». UKM skal vere eit landsomfattande og ope arrangement, der målsettinga er å bidra til eit lokalmiljø med trygg ungdom som brukar kunst, kultur og kreativitet til å ytre seg, utøve, medverke og lære. Deltakarane i UKM kan bli losa frå lokalarrangement i kommunane til fylkesfestival og til sist landsfestival. Uttak til dei ulike nivåa har som mål å vise breidda i kulturuttrykka, og er ikkje meint til å vere ein konkurranse.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for den årlege fylkesfestivalen i fylket. Ansvaret er vore delegert til Møre og Romsdal musikkråd frå 2002, formalisert i ein samarbeidsavtale. Dei har hatt hovudansvar for samarbeid i alle ledd og gjennomføring av UKM fylkesfestivalen til og med 2019. Frå 2020 er ansvaret lagt tilbake til kulturavdelinga.

I KNF-36/19 vart det vedteke ny driftsmodell for UKM Møre og Romsdal frå 2020. Denne tek utgangspunkt i UKM Norge sin strategiplan for perioden 2020-2024. Modellen legg vekt på at hovudaktivitetane i UKM skal vere lokale møtestadar med eit brent spekter av mangfold blant ungdom og kulturuttrykk, at møtestadane skal vere festivalar der ungdom sjølv, under rettleiing av profesjonelle vaksne, får ansvar for både planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og kunstarisk innhald.

Ny samarbeidsavtalen er forankra i UKM Norges Strategiplan 2020-2024 (vedlegg 2), og beskriv Møre og Romsdal fylkeskommune og UKM Norge sine gjensidige forpliktingar til kvarandre (vedlegg 1). UKM Norge forpliktar seg blant anna til å gi råd og rettleie fylkeskommunen i utforming av ny modell for UKM. Dei skal leggje til rette for nettverksarenaer og dialog knytt til utvikling og utfordringar på området, og bidreg med stimulerings- og utviklingstilskot for å fremme ønska utvikling. I 2020 og 2021 får fylkeskommunen eit utviklingstilskot til fylkesfestivalen på 50 000 kroner. I tillegg får Sunndal kommune 100 000 kroner for å delta i eit pågåande nasjonalt prosjekt. Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg til å forankre UKM i lokalt og regionalt planverk, samt utarbeide skriftlege samarbeidsavtalar med kommunane. Fylkeskommunen skal i tillegg gjennomføre

nettverkssamlingar med ei heilskapleg tilnærming til kunst og kultur for barn og unge, samt arrangere den årlege fylkesfestivalen.

Vurdering

Samarbeidsavtalen teiknar eit framtidig utfordringsbilete med globale utfordringar, teknologiutvikling og samfunnsstrukturar der ungdom meir enn nokon gong treng trygge og gode oppvekstmiljø. Avtalen rammer vidare inn arbeidet ved å teikne nokre overordna visjonar, mål og satsingar i strategiperioden. Møre og Romsdal fylkeskommune tek opp i seg føringane i ny UKM-modell. Modellen legg til rette for at ungdomen gjennom ulike medverknadsprosessar utformar og skaper den framtidige UKM-arenaen i Møre og Romsdal. Det blir lagt opp til ei fornying og modernisering av UKM-arbeidet dei neste åra for å svare ut framtidige utfordringar og behov.

Samarbeidsavtalen er forankra i UKM Norges strategiplan for 2020-2024.

Fylkeskommunedirektøren støttar visjonen i den nye strategiplana om at UKM er Norges viktigaste møteplass for ungdom. UKM skal vere ein arena for alle, sjølv om det kan vere nokre gråsoner og overlappande tilfelle som teiknar uklar skilje. Desse gråsonene kan vere mangel på informasjon og overlappande fritidsaktivitetar. Eit av dei viktigaste måla er uansett å tenkje fellesskap og samarbeid på alle nivå, slik at unge opplever mestring ved hjelp av kunstariske og kulturelle erfaringar.

Fylkeskommunedirektøren registrerer at Møre og Romsdal har vore toneangivande som UKM-fylke, og samarbeidsavtalen bidreg i den samanheng til å styrke den vidare satsinga med ny driftsmodell. Berekraft er ein faktor som inngår i avtalen for 2020. Ved å utvikle gode verkty og måleindikatorar knytt til berekraftsdimensjonane, kan dette styrke perspektivet i barne- og ungdomsarbeidet regionalt og nasjonalt. Som berekraftsfylke er det naturleg at Møre og Romsdal fylkeskommune er leiande innanfor dette arbeidet.

Fylkeskommunedirektøren meiner at ny samarbeidsavtale forankra i strategiplan for 2020-2024 gir handlingsrom og moglegheit til å tilpasse UKM-arbeidet etter regionale behov. Berekraftsdimensjonane vil stå sentralt i forankring og utvikling. Arbeidet skal fremmest og formidlast i regionen gjennom regelmessige nettverksmøter og ulike samhandlingsarenaer.

Forslag til vedtak:

Kultur-, næring- og folkehelseutvalet tek saka om samarbeidsavtalen mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og UKM Norge til orientering.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og UKM Norge
- 2 UKM strategiplan
- 3 Nye UKM i Møre og Romsdal